

BOKN KOMMUNE

Formannskapet

HOVUDUTSKRIFT

Møtedato: 14.01.2020

Møtetid: Kl. 19:00 - 21:30

Møtestad: Møterommet 1. etg. -
Boknatun

Saksnr.: 001/20 – 007/20

Følgjande medlemmer møtte

Kyrre Lindanger
Lillian Grønnestad
Sigmund Alvestad
Emilie Moi Eikje
Osmund Våga
Lene Ognøy Foss

Parti

AP
AP
KRF
SP
SP
H

Forfall meldt frå følgjande medl.

Svein Ove Alvestad

Parti

H

Følgjande varamedl. møtte

June Susanne Grønnestad

Parti

H

Andre som møtte:

Møteleiar:	Osmund Våga
Frå adm. møtte:	Jan Erik Nygaard, Solrunn Alvestad, Ingrid Sofie Rundhaug, Bjørn Løvland, Anne Elisabeth Askeland.sak 06/20 og sak 03/20
Utlevert i møtet:	
Orientering:	
Sp.mål/interpell.:	
Synfaring:	
Diverse:	I sak 06/20 gjekk June Grønnestad ut pga. inhabilitet.

Møtenotater:

Underskrifter:

Sakliste

Sak nr.	Saktittel	
001/20	Godkjenning av innkalling	
002/20	Godkjenning av møteprotokoll	
003/20	Kommunal planstrategi 2019 - 2023 - merknader i høyringsrunden	
004/20	Interkommunal legevakt - status og vegen vidare.	
005/20	Startlån - revidering av retningslinjer -Bokn kommune	
006/20	Søknad om støtte frå Bokn næringsfond	Ikkje offentleg
007/20	Organisering av arbeidet med innsparing	

001/20 Godkjenning av innkalling

14.01.2020 Formannskapet

Behandling:

FS - 001/20 Vedtak:

Innkallinga vert godkjent utan merknader.

002/20 Godkjenning av møteprotokoll

14.01.2020 Formannskapet

Behandling:

FS - 002/20 Vedtak:

Møteprotokollen vart godkjent slik den låg føre.

003/20 Kommunal planstrategi 2019 - 2023 - merknader i høyringsrunden

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Bokn kommune vedtek framlegg til Kommunal planstrategi for perioden 2019 – 2023. Vedtaket er gjort med heimel i § 10-1 i plan- og bygningslova.

14.01.2020 Formannskapet

Behandling:

FS - 003/20 Vedtak:

Formannskapet rår til at rådmannen sitt forslag til vedtak vert vedtatt. Vedtaket var samrøysta.

004/20 Interkommunal legevakt - status og vegen vidare.

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Med bakgrunn i vedtaket som vart fatta av kommunestyret i 2016, samt det som er gjort greie for i denne saksutgreiinga, vil kommunestyret oppretthalde vedtaket i frå 2016. Bokn kommunestyret går med det inn for at kommunen skal delta i ei ny felles interkommunal legevakt lokalisert på Raglamyr til tross for at Haugesund kommune har valt å trekkje seg ut av samarbeidet.

14.01.2020 Formannskapet

Behandling:

FS - 004/20 Vedtak:

Rådmannen sitt forslag til vedtak vart samrøysta vedtatt.

005/20 Startlån - revidering av retningslinjer -Bokn kommune

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Gjeldande retningslinjer for tildeling av startlån i Bokn kommune sist vedteke av Kommunestyret 11.09.2018 videreføres med fylgjande presiseringar og endringar:

1. Bokn kommunestyre vedtar at Startlån frå Bokn kommune tildeles i samsvar med den til ei kvar tid gjeldande forskrift om startlån for Husbanken.
1. Bokn kommune vil, dersom lånsøkar kvalifiserer til startlån, prioritere søknader som bygger på ei samfinansiering mellom kommune og bank.

I slike saker får rådmannen fullmakt til å gi startlån opp til 40% av det totale finansieringsbehovet ved kjøp/bygging av bustaden *med ein maksimal kostnadsramme på bustad på inntil 4 mill.*

1. Andre lånesøknader, der lånsøkar er kvalifisert til startlån, legges fram for formannskapet til endeleg behandling.

14.01.2020 Formannskapet

Behandling:

SP foreslår at det skrives et eget punkt kor ein presiserer nærare korleis retningslinjene skal praktiserast.

FS - 005/20 Vedtak:

Rådmannen sitt forslag med tillegg av forslaget frå SP vart samrøysta vedtatt.

006/20 Søknad om støtte frå Bokn næringsfond

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Bokn formannskap tildeler kr. 25 000,- til Bokn Fisk og fangst A/S i investeringstilskott. Beløpet blir overført på grunnlag av tilsendt dokumentasjon for kostnader ved investering som er minimum det

dobbelte av tilskottsbeløpet.

14.01.2020 Formannskapet

Behandling:

I sak 06/20 gjekk June Grønnestad ut pga. inhabilitet.

FS - 006/20 Vedtak:

Rådmannen sitt forslag vart samrøysta vedtatt.

007/20 Organisering av arbeidet med innsparing

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

1. Arbeidet med utarbeiding av innsparingstiltak vert leia av formannskapet som styringsgruppe og med ei arbeidsgruppe nedsett av rådmannen som får i mandat å leggja fram konsekvensvurderte forslag til innsparingstiltak. Arbeidsgruppa vert leia av rådmannen med økonomiavdelinga som sekretariat. Vidare vil arbeidsutvalet bestå av leiarar av tenestene og representantar for dei tilsette slik at både kravet til medverknad i tillegg til kunnskap om drift og økonomi i tenestene vert ivaretatt.
2. Arbeidsutvalet rapporterer fortløpande til styringsgruppa i dei ordinære formannskapsmøta.
3. Ved utarbeiding av innsparingsforslag må det tas hensyn til tenester som er lovfesta og/eller som er viktige for innbyggjarane si helse, utdanning eller velferd.
4. Innsparingstiltak som i liten grad har konsekvenser for tenestetilbodet kan iverksettes av rådmannen umiddelbart. Andre innsparingstiltak iverksettes etter vedtak i formannskapet. Politiske forslag til innsparingstiltak konsekvensutredes administrativt før forslaget tas opp i formannskapet til endeleg behandling.
5. Som grunnlag for den økonomiske ramma for innsparingstiltaka vil ein be rådmannen kvalitetssikra tala i vedtatt budsjett/økonomiplan for 2020 - 2023 og på ny vurdere dei økonomiske konsekvensane av ei vidareføring av dagens drift.

Dei kvalitetssikra tala saman med konkrete innsparingstiltak og rekneskapstala for 2019 legges til grunn for utarbeiding av eit revidert budsjettforslag som legges fram for kommunestyret til endeleg behandling i juni. Kostnader til nye lovfesta tiltak som psykolog- og ergoterapeuttenester må vera bakt inn i det reviderte budsjettforslaget.

6. For å styrka fagleg og kompetansemessig kvalitet på tenestene og den økonomiske oppfølginga av tenesteområda vil ein be rådmannen vurdere og eventuelt gjennomføre nødvendige endringar i kommunen sin faglege og administrative leiarstruktur.

14.01.2020 Formannskapet

Behandling:

FS - 007/20 Vedtak:

Rådmannen sitt forslag til vedtak vart samrøysta vedtatt.